



Notat

Dato: 03.07.2018
Arkivsak: 2016/9439-25
Saksbehandlar: tonsols

Til: Kontrollutvalget

Frå: Fylkesrådmannen

Oppfølging selskapskontroll Hordaland Teater LL

Vi syner til tidlegare rapportering knytt til selskapskontrollen Hordaland teater LL.

Status i oppfølginga av selskapet

Hordaland teater er i ferd med å få på plass dei tilrådingane fylkeskommunen som ein av eigarane har til selskapet. Selskapets styreleiar har delteke på heildagskurs for selskap eigd av fylkeskommune kor tema knytt til eigarstyring, selskapsleiing og tilrådingar vart gjennomgått.

Selskapet har fått på plass valnemnd for selskapet og styreinstruks er på plass.

Eigarstrategi for selskap fylkeskommunen eig er kommunisert til selskapet, og vil verte sendt på nytt i september så snart den har vore til orientering i fylkesutvalet. Innhaldet og styringssignala i eigarstrategien er vedteke av fylkestinget og vil ikkje verte endra, slik saka no ligg føre.

Vi opplev styret i selskapet som strukturerte og lydhøre for signal frå eigar og dei har teke tak i dei fleste utfordringane selskapskontrollen påpekte.

Vi ser no at selskapet følgjer dei relevante av dei 21 tilrådingane KS sitt eigarforum har utforma og som er ein del av eigarstrategien i Hordaland fylkeskommune.

Generalforsamling

Innkallinga til generalforsamlinga kom i god tid og representant blei utpeikt tidleg. Beate Husa møtte for Hordaland fylkeskommune og vi har ikkje fått attendemelding om at tida blei for knapp.

I samband med oppnemning av valnemnd vart det utpeikt to representantar frå Hordaland fylkeskommune og innafor knapp tidsfrist vart dette løyst. Sidan generalforsamlingar ofte innkallast med 8 dagars tidsfrist er tida knapp, men ikkje urimeleg. Vi vart varsla om saka i forkant av innkallinga slik at vi var budd for det som kom.

Sidan selskapskontrollen vart gjort er det gjort fleire endringar i rutine for generalforsamlingar, og vi opplev no at dette er løyst i høve dei påpekningar som vart gjort i selskapskontrollen. Kontrollutvalet kan få ein ny orientering om denne oversendinga om dei ønskjer.